
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: torsdag 5. juli 2018 08:49
Til: Postmottak Lindås
Emne: Tilsvar på tilbakemelding bekymringsmelding i høve tiltak i høve planeringshøgde gbnr 202/86 Hjelmås

Fra: Pål [<mailto:paal@arkbc.no>]
Sendt: 5. juli 2018 08:46
Til: Eilin Houlison Molvik
Kopi: Heidi Styve
Emne: SV: 18/21960 Tilbakemelding bekymringsmelding i høve tiltak i høve planeringshøgde gbnr 202/86 Hjelmås

Hei!

Eg har gjennomgått saka saman med tiltakshavar, og har følgande kommentar:

Tilateket vert løyst iht. vedtak. Vi har m.a. utarbeidd digitalt grunnlag med koordinatsette høgder og punkt som grunnentreprenør har lagt inn i GPS på maskina si. Vi kan forsikre om at tiltaket vert løyst innanfor dei rammene som er varsla og omsøkt med tanke på planeringshøgde og plassering i plan. No er det slik at dette p.t. er ein byggeplass, og ein må tillate at entreprenør omfordeler massar undervegs før endeleg nivå er nådd. Dette kan resultere i midlertidige fyllingar/haugar som blir bearbeidd/fjerna etter kvart. Slik eg har forstått det i samtale med tiltakshavar, så har dei invitert aktuell nabo til å kome med synspunkt på korleis sideareal langs den nye tilkomstvegen skal utformast/handterast. Her veit eg ikkje heilt korleis dette har enda, men det er i alle fall slik eg forstår det gjort forsøk på dialog. Eg ser at det er ei stund sidan naboen sende e-post til kommunen. Forhåpentligvis har tilhøva på byggeplass endra seg såpass etterkvart at ein no byrjar å sjå resultatet i forhold til massehandtering/fordeling på tomte.

Når det gjeld øvrige «merknader» til tiltaket, så er nabo varsla med same grunnlag som vedtaket er fatta. Det at ein ikkje nyttar høve til å kommentere nabovarslet innanfor gitt frist, skal ikkje gå utover tiltakshavar. Dette er faktisk varsla part sitt ansvar å følgje opp innanfor fristen som er gitt. Når det gjeld klagefrist på sjølve vedtaket, så veit eg av eigen erfaring at 3-vekers fristen er ganske så endeleg. Viss ein har gode grunnar for ikkje å halde denne fristen, må dette sendast inn innan dei gitte tre vekene og dokumenterast/begrunnast godt. Vi kan ikkje ha tilhøve der tiltakshavar risikerer stans/evt. endringar på tiltaket etter at nevnte frist er utgått. Ein må forvente ein viss forutsigbarheit i forhold til dette. Derfor blir eg litt i tvil når kommunen på side 1 av «Tilbakemelding bekymringsmelding...» skriv følgande; «*Då de ikkje hadde merknader til tiltaket ved nabovarsling, har de ikkje motteke kopi av vedtaket fatta 24.05.18, de er no gjort kjend med at det er fatta vedtak i saka og har klagerett på vedtaket dersom de ønskjer det*». Dette meiner eg blir heilt feil. Eg håpar at det de tek opp her og i avsnitt under «Klagerett» på side 2, er generelle formuleringar som er lagt inn for å understreke at frist for klage på vedtak er 3 veker etter at vedtaket er fatta – og ikkje at ein opnar opp for klager utover denne fristen. Vedtaket frå kommunen er datert 22.05.2018/motteke 24.05.2018, og dato på e-posten som aktuell nabo har sendt er 21.06.2018. Altså er klagen, viss det er ein klage på vedtaket, sendt for seint. Etter å ha lese skivet, sit eg med eit inntrykk av at ein gir rom for å klaga til tross for at frist er gått ut. Eg veit at tiltaket vart starta ganske så umiddelbart etter

at vedtaket vart motteken, og dette burde etter mi meining ha vore eit tydelig signal for naboen på at ein burde sjekke vedtaket hjå kommunen viss ein på førehand var bekymra for omfanget av tiltaket.

Vi kan forsikre om at tiltaket vert løyst i tråd med vedtak og dei tegningane som vart sendt i byggesaka.

Vi håpar at dette er tilstrekkelig svar på bekymringsmeldinga som er motteke, og hadde sett pris på om kommunen kan gi ei tilbakemelding på kva som er meint i samband med frist for klage i tilbakemeldinga til aktuell nabo.

Vennlig helsing
Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Pål-Jøran Carlsen

Fra: Eilin Houlison Molvik <EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no>
Sendt: onsdag 4. juli 2018 12.22
Kopi: Post <post@arkbc.no>
Emne: 18/21960 Tilbakemelding bekymringsmelding i høve tiltak i høve planeringshøgde gbnr 202/86 Hjelmås

Sjå vedlegg

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 78
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.